

BOKN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2011



KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

1. INNLEIING

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal føre det løypande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Ordninga er heimla i kommunelova og i forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller også til dette. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2007-2011 har Bokn hatt følgjande i kontrollutvalet:

		Varamedlemmer:
Leiar	Olav Lande Rossebø (H)	Ann Jeanette Sunde Olaussen (H)
Nestleiar	Gunnar Solberg (Ap)	Kaj Arne Christiansen (Ap)
Medlem	Daghild Alvestad (Sp)	Erik Øvrebø (Sp)

Gunnar Solberg har også vore kommunestyrerepresentant.

For perioden 2011 - 2015 har Bokn kommunestyre vald følgjande til kontrollutvalet:

		Varamedlemmer:
Leiar	Daghild Alvestad (Sp))	1. varamedlem Osmund Våga
Nestleiar	Olav Lande Rossebø (H)	2. varamedlem Rita Boknaberg
Medlem	Christine Berg Christiansen (A)	3.vara Christian Bottolf Knutsen

Christine Berg Christiansen er fast kommunestyrerepresentant. Leiar er 1. vararepresentant. På felles informasjonsmøte 28.11.11 for alle kontrollutvala på Haugalandet i Aksdal deltok leiar og nyvalt medlem. Utvalet hadde fyrste møte 25. november 2011.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2011

Kontrollutvalet har i 2011 hatt **4** møte fordelt på to møte om våren og to møter i haust. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har bestemt noko anna (§ 77 nr 8). Utvalet har helde sine møte på Boknatun, med unntak det siste møte i Aksdal rådhus av omsyn til sekretariatet.

Utvalet har hatt **26** saker til handsaming og **41** saker til orientering. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

Medlemmane deltok på konferanse i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen 02.-03.02.11. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 07.-08.06.11. Leiar deltok på konferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 08.12.11.

I 2011 blei det gjort framlegg om at kommunen skulle ha sitt eige reglement for kontrollutvalet. Det blei vedteke av kommunestyre i møte 14.06.11, sak 14/11.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 19.05.11 kommunen sin årsrekneskap for 2010 til handsaming. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til årsrekneskapen. Revisor hadde heller ikkje i år ikkje komme med noko årsoppgjerbrev, då det ikkje var funne noko spesielt å kommentere. Utvalet hadde ingen merknader og var som tidligare år nøgd med innhald og utforming av kommunen si årsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Bogn kommune sin plan for 2008-2011 blei vedtatt av kommunestyret i møte 10.02.09, sak 10/09.

Kontrollutvalet bestilte i 2009 prosjekt om kommunen sine kjøp av konsulenttenester og rutinar knytte til overlevering og synfaring. Revisor har ikkje komme med rapport.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll ble vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.08, sak 6/08.

Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS saman med dei andre eigarkommunane. Rapporten var klar på nyåret 2011 og lagt fram for kontrollutvalet i marsmøte. Rapporten er oversendt, men er ikkje blitt lagt fram kommunestyret.

Kontrollutvalet slutta seg i 2010 til ein invitasjon om å gjennomføre, i lag med dei andre eigarkommunane Haugesund, Tysvær, Vindafjord, og Etne, ein utvida selskapskontroll i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM). Revisjonsfirmaet Deloitte AS blei

engasjert til og utføra kontrollen og kontrollutvalet fekk rapporten i augustmøte. Kommunestyret handsama rapporten 04.10.11, sak 25/11.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetje eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med privat revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet. Dersom det skal gjerast greie for alternative revisjonsordningar er det kommunestyret som må pålegge kontrollutvalet å gjere ei slik utgreiing.

Bokn kommune har vore med i ei interkommunal revisjonsordning saman med Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Dei har plikta seg til å bruke Haugaland kommunerevisjon (HKR) fram til 31.12.11.

Dei andre kommunane vedtok i haust å seie opp revisjonsavtalen og å konkurransesette tenestene. Fleire ordførarar tok saka opp på bakgrunn av fungerande styreleiar sitt brev 03.10.11. Bokn kommunestyre fatta følgjande samrøysta vedtak i møte 04.10.11, sak 28/11 (utan kontrollutvalet si innstilling):

1. *Bokn kommunestyre seier opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon.*
2. *Bokn kommune vil arbeide for et interkommunalt samarbeid om revisjonstenester, eventuelt søkje andre løysingar.*
3. *Ordførar/ administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ny avtale.*

Då administrasjonen ikkje har høve til å innstille verken på val av revisjonsordning eller til val av revisor, utarbeida sekretariatet eit felles konkurransegrunnlag for kjøp av revisjonstenester for kommunane, då også for Bokn. Kontrollutvalet godkjente møte 25.11.11, sak 25/11 konkurransegrunnlaget. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN den 29.12.11. Kommunestyret vil måtte velje ny revisor i løpet av fyrste halvår i 2012.

Revisjonssjefen for IHR har i 2011 vore ansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter og revisor har møtt på to av fire møte.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

I etterkant av kontrollutvalskonferansen i 2011 tok leiar initiativ om at Bokn kommune bør snarast utarbeide og vedta skriftlege varslingsrutinar knytte til ny regel i arbeidsmiljølova som trådte i kraft 01.10.07 og kor det blei lovfesta rett for tilsette til å varsle om kritikkverdige forhold og plikt for arbeidsgjevar til å leggje til rette for varslingsrutinar.

Dette blei tatt opp i marsmøte og utvalet vedtok å be rådmannen utarbeide retningslinjer for varslingsrutinar og at desse vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Utvalet har ikkje motteke tilbakemelding om oppmodinga.

Utvalet har også sendt rådmannen ei liste som er utarbeida av KOFA over dei feil kommunane gjer i innkjøpsprosessen og om å nytte den som "føre-var"-verktøy.

På bakgrunn av medieomtale og mykje diskusjon folk i mellom om bonusutbetaling til rådmannen blei det halde møte i kontrollutvalet 25.11.11. Då utvalet ikkje har til oppgave

å overprøve politiske vedtak, men skal føre tilsyn med forvaltninga, meinte utvalet at kommunen burde sjå nærare på praksis knytt til møtebok. Utvalet fatta følgjande innstilling:

Bokn kommunestyre vil på bakgrunn av ubeldige omstende i den mykje omtala bonussaka be rådmannen sjå nærare på rutinane for føring og utsending av møtebøker, slik at Bokn kommune unngår fleire slike situasjonar i framtida.

Rådmannen bør sørje for rett bruk av offentleglova og arkivlova og at snarleg utsending av møtebok i etterkant av møtet vert prioritert.

Frist for tilbakemelding vert sett til 01.03.12.

Saka blei berre lagt fram for kommunestyret til orientering i møte 13.12.11, enda utvalet hadde gjort framlegg å sende saka som eige sak til kommunestyret.

Utvalet er og blitt orientert om skatteregnskap, vedtekne økonomiske rammer, halvårskontrollar og KOSTRA-tall i løpet av året.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett på kr 240.000. Av dette utgjorde kr 95.000 til revisjonstenester, kr 99.00 til sekretariattjenester og kr 46.000 til utvalet si eige verksemd. I kommunestyremøte 13.12.11 blei to av summene vedteke, medan utgifter til møtegodtgjersle, reise og kurs/konferanse vert sett i samanheng med dei folkevalde på tenesteområde 1000. Utgiftene skal ifølgje Kostra førast på eige funksjon 1100.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011 som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eid av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tok til i oktober og ny rådgivar i desember.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2011 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn utvalet hadde venta. Året har vore prega av uvisse kring framtidig revisjonsordning. Etter at kommunestyret vedtok å seie opp av revisjonsavtale i haust, blei tenestene lyst ut på anbod i desember med anbodsfrist 30.01.12. Ved sekretariatet førte skifte av dagleg leiar til redusert kapasitet i perioden oktober - desember.

Bokn, 12.03.12

Daghild Alvestad
leiar

Olav Lande Rossebø

Christine Berg Christiansen